



postmottak@kdd.dep.no

Ref: 22/949

## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:

2022/56-5

Sakshandsamar:

Rita Hansen

rita.hansen@setesdal.no

Dato

15.08.2022

### MELDING OM INTERESSE FOR DELTAKING I PILOTPROSJEKT - BYGDEVEKSTAVTALE REGION SETESDAL

Setesdal interkommunalt råd ønsker å melde førehandsinteresse for deltaking i pilotprosjektet.

Deltakande kommunar:

- Åseral
- Evje og Hornnes
- Bygland
- Valle
- Bykle



Sentralitetsklasse for kommunane i samarbeidet varierer; 4 av kommunane i samarbeidet har sentralitetsklasse 6, mens 1 har sentralitetsklasse 4.

Vi har lang tradisjon for samarbeid og samhold i regionen vår, og godt etablerte arenaer for samhandling kommunane i mellom og med Agder fylkeskommune. Ein har også hatt innleiande dialogsamling med fylkeskommunen vdr ein Regional plan Setesdal.

Det overordna målet for bygdevekstavgavtalene som er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling er nærmast ei oppsummering av kva me er opptekne av i regionen og i det regionale samarbeidet. Det er også nedfelt i Rådets strategi som blei utmeisla og vedteken i slutten av 2021.

Våre tre hovudsatsingsområde er:

- Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
- Vidareutvikle Setesdalregionen som ein kompetanseregion
- Utvikle attraktive og livskraftige bygder

Ved inngangen til 2. kvartal 2022 var det 7 820 innbyggjarar i Setesdal. Innbyggjartalet og til dels alderssamansettinga gjer det til dømes ekstra utfordrande for oss å oppfylle minstekrav til igangsetting av desentraliserte studiar i vår region, då det som regel krevjas eit visst minimum kvalifiserte søkjarar for at eit studie blir satt i gang. Vi har en høg sysselsettingsgrad, og aukande utfordringar med rekruttering. 2,6% av egdene bur i Setesdal.


Setesdal har hatt svak befolkningsutvikling helt frå 1951. Setesdal som region har hatt en befolkningsutvikling og verdiskaping som har vært lågare enn gjennomsnittet elles i Noreg de siste 10 årene. Med basis i de [prognoser og bakgrunnsvariablar](#) vi kjenner i dag, er det all grunn til å anta at Setesdal ikkje vil få del i den same vekst mht befolkningsutvikling og verdiskaping som landsgjennomsnittet de neste 10 -årene utan at nye ekstraordinære tiltak vert satt i gong.

## Agder vokser

Men veksten er ujevnt fordelt.

Ca. 80 % av veksten fra 2017-2022 kom i region Kristiansand.

Bykle, Valle, Bygland og Åseral opplevde befolkningsnedgang i perioden 2017-2022.



Vi har ein rekkje moglege innfallsvinklar til pilot, til dømes;

- Nasjonal turistveg Rv 9. Søknad sendt til Samferdselsdepartementet 5. juli 2022. Her er store mogeligheter for reiselivsbasert næringsutvikling og regionale ringverknadar, og prosjektet vil kunne involvere både staten, fylkeskommunen, kommunane, virkemiddelapparatet osv.
- Lokalt handlingsrom: sikre gode rammevilkår for berekraftig bygdeutvikling og arealbruk basert på distrikta sine behov.
- Styrke kompetanse og samarbeid om bygdeutvikling i regionen ved mellom anna auka erfaringsutveksling i regionen og sikre felles forståing av handlingsrommet som ligg i dagens plan- og bygningslov.
- Prosjekt med føremål å finne nye og innovative modellar for å gjøre kompetanse-arbeidsplasser i mindre sentrale kommunar meir attraktive. Kommunane i regionen har starta et samarbeid med Universitet i Agder kor en saman skal auke kompetansen og forståelsen for samhandling og konkrete samarbeid i små distriktsregioner.
- Nye og framtidretta mobilitetsløyser som er tilpassa behov i vår region.
- Knyte til oss kompetanse frå andre regioner kor dei har lykkast med å snu ei negativ utvikling ved å fokusere på egne fortrinn – til dømes Thisted i Danmark – og utvikle vårt eige prosjekt basert på våre fortrinn.

Her vil arbeid med første og siste strekpunkt med fordel kunne sjåast i samanheng.

Den vidare organisering kring formell avsendar av sjølve søknaden om deltaking i pilotordninga osv vert avklart i dialog med kommunane. Agder fylkeskommune, som er ein god medspelar og samarbeidspartnar til dagleg, er allereie kopla på og klare til å bistå i prosessen.

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Sigbjørn Åge Fossdal  
Styreleiar

Rita Hansen  
Dagleg leiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur*